



**INNKALLING TIL ÅRSMØTE FOR MEDLEMMER I OLAV SLETTA-SELSKAPET
LAURDAG 21. JUNI 2014 KL. 1100 INNTIL KL. 1400, VIKA VELFERDSSENTER, HOL**

1.	Årsmøtesaker Saker til årsmøtet må vere meldt til styret seinast 31. mai 2014.	Vedtak/oppfølging /ansvar:
2.	Opptelling av talet på møtedeltakarar med stemmerett og fullmakter	
3.	Godkjenning av innkalling og saksliste	
4.	Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen	
5.	Årsmelding 2013/2014 – blir delt ut i møtet og publisert på nett etter årsmøtet	Eva Almhjell
6.	Årsrekneskap – blir delt ut i møtet	Britt-Mari Sletto og Ola Ruud
7.	Årshefte 2014 - blir delt ut i møtet. - Prosjekt 1: Vi arbeider med eit eige årshefte 2014 utan fagleg stoff. Det er dette som blir omdelt i møtet og publisert på nett etter årsmøtet. - Prosjekt 2: Eigen bok (stive permar) med artiklar av Eva Almhjell om Anne J. Sletto og Jørn Øyrehagen Sunde om den rettshistoriske utviklinga for lause kvinner og lause ungar i Norge. -Søkje støtte hjå dei same kjeldene som til Per Gjetar. -Boka er like aktuell i Vestfold som i Hallingdal og ellers i landet. Anne J. Sletto var tenestjente i Vestfold i 15-20 år. I Hol var ho ca. 40 år (1910-46).	Eva Almhjell
8.	Innkomne forslag Styre foreslår endring av: § 7. ÅRSMØTET. Årsmøtet skal haldast <i>i samband med markeringa av Olav Sletto sin fødselsdag, 21 juni, eller næraste laurdag.</i> endrast til <i>"i løpet av fyrste halvår"</i> . Grunngjeving: Slutten av juni er eit uhøveleg tidspunkt for mange som ellers ville vore med på årsmøtet.	
9.	Val – innstilling frå valnemnda	Valnemnda

Etter årsmøtesakene fortel Eva Almhjell kort om det ho fann i jakta på Anne Jensdotter Sletto og om endra planer. Hovudforedraget blir helde av dr. philos. Kari Telste, og temaet er tenestjentene si historie i Norge. Les gjerne Sølvi Sogner og Kari Telste: Ut å søkje tenest. Historia om tenestjentene.

Åresal i kaffepausa.

Hovet Bygdekvinnelag lagar maten vi serverer.

VELKOMEN!